



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Saksframlegg

Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen, Kulturavdelinga
Sak nr.: 14/340-25

Kulturmidlar 2014 - tilskot kulturorganisasjonar

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

- 1 Frå teneste 7900- kulturmidlar – vert det løyvd følgjande tilskot til kulturorganisasjonar for 2014:

| Nr | Søkjjar | Tilskot 2014 |
|------------|--------------------------------------|------------------|
| 1 | Sogn og Fjordane Pensjonistlag | 80 000 |
| 2 | Sogn og Fjordane Husflidslag, Flekke | 180 000 |
| 3 | Norges Husflidslag, Oslo | 190 000 |
| 4 | Folkeakademiet Sogn og Fjordane | 100 000 |
| 5 | KFUK-KFUM Fjordane og Sogn | 120 000 |
| 6 | Sogn og Fjordane Ungdomslag | 100 000 |
| 7 | Sogn og Fjordane 4H | 310 000 |
| 8 | Norges Korforbund Sogn og Fjordane | 75 000 |
| 9 | Sogn og Fjordane Folkemusi kklag | 200 000 |
| 10 | Norsk Musikkorpsforbund Nordvest | 250 000 |
| 11 | BRAK | 150 000 |
| SUM | | 1 755 000 |

- 2 Frå teneste 7750 – Idrett vert det løyvd følgjande tilskot:

| | | |
|------------|-------------------------------|------------------|
| 12 | Sogn og Fjordane Idrettskrins | 1 250 000 |
| SUM | | 3 005 000 |

3. Det vert ikkje løyvd tilskot til Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.
3. Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

Vedlegg:

1. Søkjjaroversyn
2. retningslinene

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknadane
-

SAKSFRAMSTILLING

I denne saka vert det rådd til fordeling av fylkeskommunale midlar til dei store frivillige kulturorganisasjonane i fylket. Fylkeskommunale tilskotsmidlar vart annonsert i lokalavisene med søknadsfrist 15. januar 2014.

Innan søknadsfristen kom det inn søknadar frå 13 kulturorganisasjonar som skal til politisk handsaming. Søknadssum for alle søkjarane er vel 4,7 mill.

Frivillig sektor er ein stor og viktig kulturaktør i Sogn og Fjordane gjennom sitt løpande arbeid med organisasjonsarbeid/demokratiopplæring, aktivitetar, m.m. Fylkeskommunen sitt tilskot skal hjelpe til å ta vare på og fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Fylkeskommunen sine retningslinjer legg vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Det vert og lagt større vekt på aktivitet framfor drift.

I HK-sak 17/13 vart det sett av midlar til å inngå utviklingsavtalar med frivillige organisasjonar i tidsrommet. Det vert i 2014 arbeidd med å inngå utviklingsavtale med Gloppen Musikkfest og Sogn og Fjordane Idrettskrins.

I. KRITERIER FOR VURDERING AV SØKADER

Følgjande kriterier vert lagt til grunn ved vurdering av tilskot til fylkesdekkande organisasjonar:

Generelle kriterier:

- Evne og vilje til nyskapande kulturarbeid vert prioritert.
- Sunn økonomi, dvs at fylkeskommunalt tilskot skal vere ei hjelp i arbeidet; ikkje ein føresetnad.
- Følgjekort for funksjonshemma skal gjelde for alle som får fylkeskommunalt tilskot.
- Kulturelt mangfald skal vere ein naturleg del av aktiviteten.
- Tiltak med fylkeskommunal støtte skal vise til fylkeskommunen som tilskotsytar/samarbeidspart.

Ved vurdering av fylkesdekkjande organisasjonar gjeld ein kombinasjon av:

- Medlemstal og aktivitet
- Kulturelt arbeid (idrett, musikk, dans, teater, kunst, språk/litteratur, historie, m.m.) som hovudaktivitet
- Barn og unge som medlemmer, målgruppe og som aktørar skal prioriterast.

II. FORSLAG TIL DISPONERING AV AVSETTE MIDLAR

På teneste 7750 er det sett av 1,450 mill kroner til idrett. På teneste 7900 er det sett av 5,280 mill kroner til fordeling til lag og organisasjonar, større kulturtiltak og egne tiltak. Tilsaman 6,730 mill kroner.

Etter fylkesdirektøren sitt framlegg til fordelingssaker i dette møtet, vert midlane fordelt slik:

| | |
|-------------------------------------|------------------|
| HK-sak 8/14 | 120 000 |
| Kulturorganisasjonar | 3 005 000 |
| Diverse tiltak | 2 049 000 |
| Festivalar/arrangement | 820 000 |
| Administrative vedtak | 335 000 |
| Avsett til kulturpris/kulturstipend | 170 000 |
| Avsett til seinare/klagesaker | 231 000 |
| Total ramme | 6 730 000 |

Aktiviteten i organisasjonslivet i fylket er jamt over stor, noko som går fram av søknadane. Dette saman med dei føringane som retningslinjene gjev, medfører streng prioritering i handsaminga av søknadane. Føringane frå kulturstrategien, saman med retningslinjene for tilskota ligg i botnen for fylkesdirektøren sine vurderingar og tilrådingar i saka.

Ein stor del av søknadane som vert mottekne, er søknadar som vert handsama administrativt. Dette skjer etter at hovudutvalet har gjort sine vedtak i dei «store» løyvingane. Fylkesdirektøren har delegert mynde til å handsame søknader inntil kr. 50 000. I tillegg til dei søknadane som vert handsama i dette møtet, har vi fått inn 45 søknadar til gode tiltak og mindre kulturorganisasjonar som vert handsama administrativt. Desse søknadane utgjer ein søknadssum på om lag kr. 1,7 mill. Det er sett av kr 566 00 til deling til desse søknadane og til eventuell klagehandsaming.

III.VURDERING AV SØKNADANE FRÅ KULTURORGANISASJONAR

Vi har motte13 søknadar som vert handsama i denne saka. Søknadssum for alle søkjarane utgjer vel 4,5 mill kroner i grunnstønad og 0,2 mill kroner til tiltak.

Den totale ramma til deling til lag og organisasjonar ligg på same nivå som tidlegare, men med ein auke på 0,89 mill i lønns- og priskompensasjon.

Det har vore lite eller ingen auke i tilskot til organisasjonane gjennom fleire år.

Det er organisasjonar med kulturell aktivitet som hovudføremål som vert prioritert for tilskot. Retningslinene legg vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Det vert og lagt større vekt på aktivitet framfor drift.

I samband med utarbeiding av retningslinene vart det gjort vedtak om at ein større del av dei offentlege kulturmidlane til frivillig sektor må gå til aktivitet framfor det å byggje opp eit organisasjonsbyråkrati. I tildelinga av midlane må ein også ha med at god aktivitet innanfor dei frivillige organisasjonane i dag krev høg grad av profesjonalitet, og at dette igjen fører til trong for/krav om eigne tilsette til å stå føre det daglege arbeidet t.d. på fylkesnivå. Vi ser også at dei vert utfordra av større prosjekt innan heile breidda av kulturområdet.

Organisasjonane utgjer ei stor og viktig del av kulturlivet i fylket. I bygdene er det ofte desse som står for den lokale aktiviteten, er med på å halde bygdesamfunn saman og skapar utviking. Organisasjonane er slik sett viktige kulturberarar, og organisasjonane er ein viktig arena for deltaking og oppleving.

Det er også slik at forventningane til synlege resultat vil auke med aukande løyvingar. Organisasjonar og institusjonar med store offentlege tilskot må kunne vise til god aktivitet for å kunne forsvare løyvningsnivået framover.

Vilkår for utbetalingane er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett før sluttløyving vert betalt ut.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert. Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga.

IV. KORT OMTALE AV DEN ENKELTE SØKJAR I DENNE SAKA:

1. Sogn og Fjordane Pensjonistlag

Pensjonistlaget har 39 lag i fylket, og aktivitet i alle kommunane med 3950 medlemmar. Hovudmålet er å sikre pensjonistar ein trygg, livskraftig og initiativrik alderdom. Viktig føresetnad for laget sitt arbeid er likeverd mellom generasjonane og organisasjonsutvikling. Utgifter er i hovudsak til sekretær (80% stilling), kontingent og kurs. Inntekter kjem frå medlemskontingentar, fylkeskommunalt tilskot, Sparebankstiftinga og tilskot frå Norsk Pensjonistforbund. Fylkesdirektøren ser primært på kulturaktiviteten til laget, og vil bidra med å utvikle denne delen til Sogn og Fjordane Pensjonistlag. Pensjonistlaget er og ein viktige medspelar i å utvikle gode og tilpassa kulturtiltak for eldre, t.d. gjennom Den kulturelle spaserstokken.

Søknadssum kr 100 000.

Tilråding: kr 80 000 til drift/aktivitet

2. Sogn og Fjordane Husflidslag

Fylkeslaget har 689 medlemmer i 17 lokallag som dekkjer i alt 21 kommunar i fylket 182 av medlemane er under 26 år. Laget arbeider innanfor dei satsingsområda Norges Husflidslag trekkjer opp, og i arbeidsplanen for 2014 er born og unge eit prioritert tiltak. Prosjektet "Ung Husflid" vil også stå sentralt i arbeidet med å følgje opp lokallaga. Utgiftspostar som organisasjonen har, er løn til sekretær (1/2 stilling), møter og prosjektarbeid. På inntektssida er dei største postane medlemspengar, lotteri og offentleg tilskot. Sogn og Fjordane Husflidslag er med på å styrkje den levande husflidstradisjonen i fylket ved å organisere aktivitetar og tiltak som utviklar husflidsfagleg interesse og kunnskap, produksjon og omsetning. Fylkesdirektøren ser positivt på laget sitt arbeid mot barn og unge.

Søknadssum: kr 200 000 til drift.

Tilråding: kr 180 000 til drift/aktivitet

3. Norges Husflidslag

Norges Husflidslag etablerte seg på nytt i Sogn og Fjordane i 2005 med ein eigen husflidskonsulent. Norges Husflidslag har i dag 18 tilsette husflidskonsulentar i 17 fylke. Finansiering av ei slik stilling er tufta på ein modell der fylkeskommunen går inn med tilskot tilsvarande ¼ av ei stilling, medan kulturdepartementet gjennom Norges Husflidslag dekker resten. Norges Husflidslag søker om vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren er oppteken av at ein eigen husflidskonsulent i Sogn og Fjordane og må rette seg mot næringsretta tiltak. Norges Husflidslag har som mål at dei skal vere ein leiande aktør i Noreg innan næringshusflid og har husflidsfag og næring som ein av kjerneaktivitetane. Gjennom slik vinkling vil dette vere i tråd med kulturstrategien i Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren rår til ei vidareføring av ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane.

Søknadssum: kr 250 000

Tilråding kr. 190 000.

4. Folkeakademiet i Sogn og Fjordane

Dette er fylkesorganisasjon for 10 lokale folkeakademier i 10 kommuner i fylket. Av 244 medlemmer, er alle over 26 år. Organisasjonen driver folkeopplysnings- og kulturprogram i tettsteder og bygder. De samarbeider med ulike organisasjoner og institusjoner, og legger opp/gjennomfører turnear i fylket. Utgiftspostene er løn til dagleg leiar (0,4 årsverk), drift og turneutgifter. Inntektene er turneinntekter, tilskot frå Folkeakademienes Landsforbund, og fylkeskommunalt tilskot. Gjennom sitt aktivitetsprogram bidreg Folkeakademiet med kulturformidling til ulike aldersgrupper lokalt i fylket. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd same tilskot som tidlegare.

Søknadssum: kr. 150.000.

Tilråding: kr. 100 000 til drift/aktivitet

5. KFUK og KFUM-krinsane i fylket (Fjordane og Sogn)

Organisasjonen har 53 lag i 16 kommuner i fylket. Av 553 medlemmer er 383 under 26 år. Aktiviteten er mykje knytt opp mot at organisasjonen samlar barn og unge til leiraktivitetar, kurs og leiartrening. Utgiftene er knytt til personalkostnader (2,0 årsverk) og møteverksemd. Inntektene er i stor grad gaver/kollekt, egne inntektsgevande tiltak og fylkeskommunalt tilskot. KFUK- og KFUM-krinsane søker om driftsstøtte på kr 201500. Dei søker og om aktivitetsstønad til eit prosjekt som går ungdomsutveksling med Sri Lanka YMCA. Prosjektet fokuserer på leiartrening for ungdom. Totalkostnad kr 294 000. Søknadssum kr 218 000.

Søknadssum: kr. 201 500 til drift

Kr 218 000 til aktivitet.

Tilråding: kr. 120 000 til drift/aktivitet

6. Sogn og Fjordane Ungdomslag

Sogn og Fjordane ungdomslag har 1209 medlemmer i fylket fordelt på 43 lokallag i 20 kommuner. 536 av medlemmene er under 26 år. Hovudaktiviteten i organisasjonen er i tillegg til det ordinære organisasjonsarbeidet å ta vare på og vidareutvikle kunnskap om bunader/folkedraktar og folkemusikk/dans/teater og revy. Inntektene er i hovudsak tilskot frå fylkeskommunen, medlemskontingent og kursinntekter. Sogn og Fjordane ungdomslag har tilsett ein prosjektleiar i 50% stilling for å jobbe med det 3-årige bulyst-prosjektet "Huset i bygda". Det er søkt om kulturutviklingsmidlar til «Huset i Bygda». Denne søknaden vert handsama seinare. Sogn og Fjordane UL inngår i desse dagar eit samarbeid med Sparebankstiftinga ved handsaming av søknadar til vedlikehald av ungdomslags hus.

Søknadssum: kr. 300 000 til drift

Tilråding: kr. 100 000 til drift/aktivitet

7. Sogn og Fjordane 4H

Organisasjonen har 1883 medlemmer, der 1631 er under 26 år. Organisasjonen har 73 lokallag fordelt på 21 kommuner i fylket, og har eit godt fotfeste i heile fylket. Medlemmene er stort sett barn og unge og gjennom 4H-arbeidet får mange unge organisasjonskunnskap, leiartrening og arrangørkompetanse. 4H Sogn og Fjordane har. Organisasjonen engasjerer seg i kulturelt arbeid lokalt, og i ulike prosjekt og er no inne i 2 større utviklingsprosjekt som 4H matskule og prosjekt «Møtestad Naturen». Organisasjonen sine utgiftene er i hovudsak knytt opp mot stillingar (3,1 årsverk), prosjektarbeid, kurs, og leirar. På inntektssida kjem stønad frå landbruksorganisasjonar, kursinntekter, momskompensasjon, fylkeskommunalt tilskot, kontingentar, lotteri m.m.

Søknadssum: kr. 340 000

Tilråding: kr. 310 000 til drift/aktivitet

8. Norges Korforbund, Sogn og Fjordane.

Korforbundet har 1207 medlemmer. Dette er mest vaksne medlemmer (over 26 år). Fylkesleddet arbeider med opplæring og utvikingstiltak for kora, enkeltmedlemmer og ikkje minst for

dirigentane. Hovudinntektene for Korforbundet er kontingentar og fylkeskommunalt tilskot. Utgiftene er knytt til medlemskontakt, leiarsamlingar, opplæringstiltak. Organisasjonen har ikkje tilsett lønna personale.

Søknadssum kr. 80 000

Tilråding: kr. 75.000 i drift/aktivitet

9. Sogn og Fjordane Folkemusikklag

Folkemusikklaget er ein ideell organisasjon som arbeider for å ta vare på og vidareformidle folkemusikk- og dansetradisjonane i fylket vårt. Organisasjonen har 530 betalende medlemmer, 70 under 26 år. Medlemane er fordelt på 19 lokallag i 12 kommunar i fylket. Organisasjonen avviklar kappleikar, seminar/kurs og bidreg til å skape gode og fungerande møteplassar for formidling. Det viktigast arrangementet er det årlege sommarkurset på Mo som har vore arrangert i 30 år. Jubileumsåret vert profilert med å satse på tidlegare elevar som instruktørar. Gjennom organisasjonen vert det gitt opplæring i spel, dans, song, m.m. Hovudpostane på utgiftssida er løn til sekretær i halv stilling, instruktørar og kursverksemd. På inntektssida kjem kursavgifter, medlemskontingentar og offentlege tilskot. Folkemusikklaget sin samla innsats, og ikkje minst det dei har fått til gjennom Mo-kurset, er ein viktig årsak til Sogn og Fjordane sin posisjon innan folkemusikkområdet i Norge.

Søknadssum: kr. 220 000

Tilråding: kr. 200 000 til drift/aktivitet.

10. Noregs Musikkorpsforbund (NMF), avd. Sogn og Fjordane.

Frå 2008 vart NMF Sogn og Fjordane og NMF Møre og Romsdal slegne saman til ein region, NMF Nordvest. 2576 medlemar høyrer til i Sogn og Fjordane. Organisasjonen har medlemmar i fylket fordelt på 78 lag/korps i 24 kommunar i Sogn og Fjordane. Av 2576 medlemar er 1506 under 26 år. Den økonomiske støtta frå fylkeskommunane vil bli brukt til aktivitetar i det fylket som har fått tildelt midlane. Fylkesleddet har ansvar for tiltak som opplæringstiltak, kurs, leirar, stemner m.m. Organisasjonen har tilsett daglig leiar og musikkonsulent, i tillegg til at det vert utført 1,6 årsverk lønna arbeid ved kurs. Hovudinntektene for Musikkorpsforbundet er fylkeskommunalt tilskot og påmeldingsavgifter. Ugiftene er knytt til løn/honorar, reise- og opphaldsutgifter ved ulike aktivitetar. NMF søker om tilskot til drift.

Søknadssum: kr. 300 000 til drift.

Tilråding: kr. 250 000 til drift/aktivitet

11. BRAK

BRAK er ein interesseorganisasjon for det rytmiske musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Organisasjonen si målsetjing er å kunne hjelpe alle som arbeider med musikk på alle nivå, uansett spørsmål og problemstilling. Dei arrangerer kompetansehevande kurs innanfor ulike område, som låtskriving, musikk- og konsertproduksjon. Dei legg til rette for musikkmiljøet og ynskjer å vere eit bindeledd mellom aktørane. BRAK har hovudadministrasjon i Bergen og som eit prøveprosjekt vart det i 2010 opna ei avdeling i Sogn og Fjordane. Medlemane er enkeltpersonar, eit band eller ein festival.. Ei stor satsing er arrangementet BLEST, som er ein samlingsplass for musikkmiljøet i fylket med konsertar og seminar (eit mini by:larm i Sogn og Fjordane). BRAK samarbeider med Førdefestivalen og lokale aktørar i regionen for å få oppretta ei heilårs klubbscene. BRAK er finansiert av Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune og har sidan 2007 hatt fast plass på statsbudsjettet.

Søknadssum: kr 250 000

Tilråding: kr 150 000

12. Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK)

SFIK har 43785 medlemar i fylket fordelt på 188 idrettslag i alle kommunar. Ca. halvparten av alle medlemar er under 26 år. Sogn og Fjordane Idrettskrins har i fleire år vore ein viktig aktør når det gjeld oppbygginga av kompetanse på leiar- og trenarsida i fylket. Utdanning av gode

trenarar og leiarar er eit viktig bidrag til barne- og ungdomsarbeidet og er i samsvar med måla i Fylkesdelplanen. Sogn og Fjordane Idrettskrins har utarbeidd eige handlingsprogram for 2011-2014. Handlingsprogrammet skal gi retning for utvikling av idretten i Sogn og Fjordane dei næraste åra. Arbeidet med å inngå utviklingsavtale med Sogn og Fjordane Idrettskrins er starta opp og vil verte gjennomført i løpet av våren.

Søknadssum: kr 2 000 000

Tilråding: kr 1 250 000 til drift/aktivitet

13. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet skal i år markere sitt 100 års jubileum og har i samband med det ambisjonar om å gjennomføre fleire prosjekt i 2014. Dei søker om kulturmidlar til å dekke ekstra driftskostnader på kr 100 000. Dei søker i tillegg om kr 30 000 til markering av Verdens Miljøverndag i Førde. Sogn og Fjordane fylkeskommune v/plan og samfunnsavd. har inngått utviklingsavtale med Naturvernforbundet i perioden 2013-2015. Avtalen dekkjer 25% stilling for organisasjonen. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å kunne løyve fylkeskommunale utover det som allereide er løyvd gjennom utviklingsavtale.

Søknadssum: kr 100 000 til drift

kr 30 000 til markering av Verdens Miljøverndag

V. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til dei drøftingane som er gjort over, og rår hovudutvalet til å fatte vedtak i samsvar med tilrådingane som er gitt i forslag til vedtak
